

**Møteprotokoll**

Utval:	Vaksdal kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Heradshuset, Kommunestyresalen
Dato:	20.04.2022
Tid:	14:00 - 18:15

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Christin Eide	Nestleder	AP
Bjart Magnus Rosvold	Medlem	KRF
Anneli Vatle Lilletvedt	Medlem	H
Odd Gøran Oldervik	Medlem	SV

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Vegar Sellevold	LEDER	AP

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Forfall vart meldt kvelden før møtet. Ingen vararepresentantar hadde høve til å stille i møtet. Nestleiar Anne Christin Eide leia møtet.

Møtet vart innleia med kurs i arkivering, journalføring og offentlegheit. Kurshaldar var Frode Løvlie frå Deloitte.

Andre som møtte

Namn	Stilling
Atle Fasteland	Kommunedirektør
Kenneth Stokke	Økonomisjef
Frode Løvlie	Forvaltningsrevisor Deloitte
Einar Ulla	Seniorrådgjevar i Vestland fylkeskommune

Anne Christin Eide
nestleiar

Einar Kåre Ulla
utvalssekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.02.2022	033	
	Politiske saker		
PS 15/22	Oppfølging av forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging 20.04.2022	217	
PS 16/22	Forvaltningsrevisjon innan plan og byggesak	217	
PS 17/22	Kommunedirektøren orienterer om kommunal økonomisk berekraft i Vaksdal kommune	216	
PS 18/22	Kommunedirektør orienterer om Vaksdal kommune si rapportering av internkontroll og tilsyn ein gong i året	040	
PS 19/22	Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2022 - 2024	217	
PS 20/22	Gjennomgang av møteprotokollar 20.04.2022	033	
PS 21/22	Eventuelt	033	
	Referatsaker		
RS 8/22	MELDING OM VEDTAK - ÅRSMELDING KONTOLLUTVALET I VAKSDAL KOMMUNE FOR 2021	004	
RS 9/22	Nyheter fra FKT	073	

GK 5/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 20.04.2022 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Møteinnkalling vart sendt ut 08.04.2022 via e-post. Innkallinga er også lagt ut på kommunen si heimeside. Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

GK 6/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.02.2022

Forslag til vedtak

1. Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.02.2022 vert samrøystes godkjent.

Saksprotokoll 20.04.2022 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak:

1. Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.02.2022 vert samrøystes godkjent.

PS 15/22 Oppfølging av forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging 20.04.2022

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet gjev positiv tilbakemelding på arbeidet med oppfølging av forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging
2. Kontrollutvalet vurderer forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging til å vere ferdig oppfølgt.

Saksprotokoll 20.04.2022 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektøren orienterte om oppfølging av forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging. Kontrollutvalet tok orienteringa til vitande.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet gjev positiv tilbakemelding på arbeidet med oppfølging av forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging
2. Kontrollutvalet vurderer forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging til å vere ferdig oppfølgt.

PS 16/22 Forvaltningsrevisjon innan plan og byggesak

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om status i prosjektet til orientering

Saksprotokoll 20.04.2022 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Revisor orienterte om status i prosjektet, der det mellom anna kom fram at Vaksdal kommune har leigd inn ekstern kompetanse frå ei nabokommune for handsaming av byggesaker.

Det kom i møtet fram forslag om eit nytt pkt 2 i vedtaket.

2. Revisor i lag med sekretariatet vurderer eventuell revidering av prosjektplanen på bakgrunn av informasjon revisor ga i møtet.

Nytt pkt 2 i lag med tilrådinga vedrørende pkt 1 vart samrøystes vedtekne.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om status i prosjektet til orientering
2. Revisor i lag med sekretariatet vurderer eventuell revidering av prosjektplanen på bakgrunn av informasjon revisor ga i møtet

PS 17/22 Kommunedirektøren orienterer om kommunal økonomisk berekraft i Vaksdal kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek kommunedirektør si orientering om kommunal økonomisk berekraft i Vaksdal kommune til vitande

Saksprotokoll 20.04.2022 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør v/økonomisjef orienterte om kommunal økonomisk berekraft i Vaksdal kommune.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek kommunedirektør si orientering om kommunal økonomisk berekraft i Vaksdal kommune til vitande

PS 18/22 Kommunedirektør orienterer om Vaksdal kommune si rapportering av internkontroll og tilsyn ein gong i året

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 20.04.2022 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte om rapportering av internkontroll.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande.

PS 19/22 Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2022 - 2024

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vil i 2022 gjennomføre ei evaluering av gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.
2. Kontrollutvalet ber Deloitte om å utarbeide forslag til ein prosjektplan for gjennomføring av ei slik evaluering, i tråd med dei føringar utvalet gir, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk
3. Prosjektplanen skal leverast sekretariatet innan 02.05.2022, slik at den kan behandlast i møte i kontrollutvalet 18.05.2022

Saksprotokoll 20.04.2022 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet diskuterte evaluering av plan for forvaltningsrevisjon, og kom fram til at planen skal evaluerast av utvalet sjøl ved gjennomføring av workshop i eit kontrollutvalsmøte.

Forslag til pkt. 2 går ut, og vert erstatta av nytt pkt. 2.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet vil i 2022 gjennomføre ei evaluering av gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.
2. Kontrollutvalet ber om at evalueringa skjer etter framgangsmåten gitt i pkt. 2 i saksframlegget.
3. Kontrollutvalet ber sekretariatet i lag med revisor planlegge ein workshop for evaluering av planen i første møte hausten 2022

PS 20/22 Gjennomgang av møteprotokollar 20.04.2022

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 20.04.2022 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Endringsframlegg som kom fram i møtet.

Nytt pkt. 2.

Kontrollutvalet er uroa over den store saksmengda som er til handsaming i formannskapet og kommunestyret

Tilrådinga i tillegg til endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.
2. Kontrollutvalet er uroa over den store saksmengda som er til handsaming i formannskapet og kommunestyret.

PS 21/22 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 20.04.2022 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Ingen saker vart behandla under eventuelt.

Vedtak:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

**RS 8/22 MELDING OM VEDTAK - ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET I
VAKSDAL KOMMUNE FOR 2021**

Saksprotokoll 20.04.2022 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 9/22 Nyheter fra FKT

Saksprotokoll 20.04.2022 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.